

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Laudal

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: T. A. Steinsland

Gard:

(adresse): Laudal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1.  
 Trua på nissen er gamal, og ho heldt seg tenge. Eg har tala med gamle folk som kunne fortelja at i deira ungdom var det folk som trudde på nissen. Når det gjekk sers godt for folk, dei hadde liksom lukka med seg i alt, så kom folk inn på den tanken at mystiske makter stod bak. Ei slik mystisk makt var nissen. Der han slo seg ned, gjekk det bra for folka, for nissen såg vel etter buskapen og huva, og han stal gjerne og drog til sine hus folk. Men, husfolke måtte ingen ting nemna om nissen. Han ville vera i lag med. Elles flytte han frå huset, og då tok han lytkka med seg. Ja, dette var den vanlege trua om nissen her i bygdene. I Hagebostad og Eiken t. d. held denne trua seg lenge. Det var såleis ei tru for mange at oldefar min (på Gletne i Eiken) hadde nissen. Fleire av granna var orvudsjuke og gav han "sneiord" for dette. Sjølv trudde han nok i-



2

-geuting på nissen. Men fleire av borna tok det falt ille opp når nokon brydde" dei for nissen. Eg minnest ei "gamal kone som trudde ho hadde sett nissen. Folk på garden var ikkje heime. Men -- på tunet gjekk ein litte liten mann med skjegg og buudingstrye (strikka ulltrøye)

Her på Jaudal var og nisse i gamle dagar. Han heldt hjå rikaste mannen på garden. Han drog bra til huset, og derfor vart husfolka rikare og rikare. Han var skjemten og denne Jaudalsnissen. Ein gamal mann eg råka, fortalde meg: Ei nall vart det slikt styr i fjøset! Tenest-gjenta trudde det var kalven som var lauv og så sprang ho ut og fekk han i bisen att. Men kalven kom lauv att, og gjenta laut ut i mørket og få styringen på plass att. Ho var stinna og brøka nok munn og. Men da brast nissen ut i ein latt. Gjenta stakk falt og kom inn fortare enn fort. No skjøna ho at det var nissen som hadde drive ap med henne.

Dette er i stutte drag overtrua om nissen. Den "moderne" nissen, den utkleddde nissen, som deler ut julegaver, har vore kjend i over 30 år, fyrst i heimarne og sidan på festar.

2.1

Julenissen deler ut alle slag gaver, ikkje berre godter.

3. Julenissen skal helst vere liten, ein utkledd smågut. Men også vaksne kan vera nisse.



Kjempenissar har vi og hatt på festar  
Slik: ein stor kar lek ein mindre kar  
på ryggen. Den store er løynd av klede.  
Den minste har nissemaske og vanleg  
nissebuve (topplue).

4

Nisseutstyr: maske med kvitt stegg,  
topplue, ulltrøye, (bundingstrøye, knebuk-  
ser, vane sokkar og sko.

5

Ein kjøper maskene.

6

Ein brukar julemaske når ein jule-  
bukkt.

7

Småbarna her går julebukkt i jula,  
samtid aleine og samtid i flokteris. Dei  
deler ikkje ut gaver; men dei får små-  
gaver som kakar, appelsinar, eple og slitt.

8

Ein set nissen i samband med den  
gamle nissen (tuften) som fekk jule-  
graut.

9

Nei.


Tillegg.

På festar let ein somlid ein liten mann  
eller nisse stå på talar-stolen og forbel-  
-ja erentyr, stubbar eller deklamera. Eg  
har sjølv vore slik ein nisse.

Ein må vera to om ein skal  
få det til som teikninga syner

Snu!





Nissen armene ned i eit par stivlar som allsa blir føtene. Han som står bak må tøyne seg godt under kuffte, frakk eller kjepp og så låner han nissen sine armar d. v. s. Han stikk ein arm fram på kvar side. Mötelyser då nissen som ein bitte liten, komisk fyr som fiktar med armene, tröt haröt i katedret med føtene (armene). Sifter han både føtene samstundes, ser det ut som han står i tome lufta. Svært komisk dersom alt blir gjort på beste måte.

5250